A photograph showing a view from a ferry deck. The foreground is a dark, textured mat. A wooden railing runs across the middle ground. Beyond the railing is a vast, turquoise sea. In the distance, a low island with some buildings is visible under a blue sky with light clouds. The text 'Fjelbergøy' is overlaid on the image.


Fjelbergøy

Borgundøy

**Utsyn fra ferjestøet på Skjersholmane og over mot Fjelbergøy**

# Kommunedelplan for Fjelbergsambandet med konsekvensutgreiing

- **6.3.3 Tilhøve til andre ferjesamband**
- I planprogrammet er det sagt at ein skal vurdere tilhøvet mellom Fjelbergsambandet og andre veg- og ferjesamband.
- Dette gjeld særleg tilhøve til ny lokalisering av ferjekaier for sambandet Halsnøy – Stord og til sambandet Sydnes – Utbjoa.



# Kommunedelplan for Fjelbergsambandet med konsekvensutgreiing

- **7.3.3 Tilhøve til andre nye ferjesamband**
- Dersom dagens ferjeleie på Ranavik ein gong i framtida blir flytta lenger sør på Halsnøy, bør dette spørsmålet vurderast på nytt.



**1. Nytt ferjestø på Fjelbergøy.**

**2. Bru og fylling mellom Halsnøy og Fjelbergøy.**

**3. Alternative bruer mellom Borgundøy og Fjelbergøy.**

**Avstand Fjelbergøy-Skjersholmane er ca 10km**

**Avstand Ranavik-Djupavik er ca 10 km**

## Korleis sambandet er tenkt

- ❑ Veggen frå Tofte og ut til Ådnaviksneset må oppgraderast og få gul midtstripe.
- ❑ Det må byggast ei bru(flytebru?) over til Fjelbergøy, ny veg på Fjelbergøy fram til nytt ferjestø i nærleiken til Grunnavågen.
- ❑ Mellom Fjelbergøy og Borgundøy må det byggast eit samband, og slik det nå ser ut må det bli alternativ 2A i komunedelplanen, som nå er ferdig utreda.

- ❑ Sambandet mellom Kvinnherad og Stord skal være bompengefinansiert. Bompengeinnkrevinga må være slik at dersom ein kjører gjennom både Halsnøytunnelen og dette sambandet, blir ein berre kravd for ei passering.

## Økonomi

- ❑ På eit samferdselsmøte på Fjelberg Bygdahus blei det sagt av (vegsjefen) at me kunne gange subsidiane til Fjelberggruta med 30 år og bygge eit samband for dei.
- ❑ Det vil i teorien sei at me har minst 210 mill å bygge samband for dersom me får vekk ferja som går til Utbjoa. Med dei nye rutene frå 2011 er nok denne summen høgare.
- ❑ Klarer me å bygge bru mellom øyane pluss tilførselsveggar for rundt 100 mill, har me 100 mill som me kan "gi" til sambandet Kvinnherad –Stord.

- ❑ Ferjestø i Djupavik er berekna til 351 mill.
- ❑ Dersom ein velger Skjersholmane som anløpssted og heller bruke dei 351mill på dette forslaget, vil det i teorien være nesten ein halv milliard (351 + 100) til å bygge ferjekai og forbindelse til Halsnøy.



## Reisetid

- ❑ Reisetid sørover eller til Stord, som er den vegen dette sambandet bør sjå, vil frå rundkjøring på Tofte via Ranavik-Djupavik eller Fjelbergøy-Skjersholmane bli den same.
- ❑ Det må være total reisetid me tar utgangspunkt i, ikkje berre tida over fjorden.
- ❑ Dersom det settes inn 2 litt mindre ferjer som går raskare en dagens kan ein oppnå 2 avgangar i timen, og det er noko som dei fleste i Kvinnherad bør akseptere.

## Fordeler på Stord

- ❑ Det er ikkje nødvendig å bygge eit nytt ferjestø på Stord, og det er noko dei fleste stordabuar vil støtte. Me har og fått tilbakemelding frå dei fleste gruppeleiarane og Stord Næringsråd(2009) at dei støttar dette forslaget.
- ❑ Eit ferjestø i Djupavika vil gi same overfartstid som dette forslaget. Men Kvinnherad Kommune vil oppnå lite i forhold til det å kunne få Fjelbergøyane landfast.
- ❑ Dette forslaget vil være framtidsretta sidan det vil være bruk for dette sambandet for dei som skal til Heiane eller sørover, etter planane med kyststamvegen er realisert. Størstedelen av trafikken går mot Stord/Heiane og sørover.

## Fordelane på Halsnøy

- ❑ Ein slepper gjennomgangstrafikken på Sæbøvik, har alltid vært feil å legge hovudveggar gjennom sentrum.
- ❑ Veggen som går frå Tofte og ned til Sæbøvik vil bli alvorlig dyr å utbetre, dessutan vil denne strekninga bli ein flaskehals uansett.
- ❑ Veggen vidare utover mot Ranavik har heller ikkje god nok standard. Ein slepp og å komme i konflikt med klosteret dersom veien skal oppgraderes/legges om.
- ❑ Dersom ein går for dette forslaget vil det være mykje billigare og enklare å utbetre veggen som går sørover mot Sydnes, pluss at det kan leggest opp til 70-80 sone størstedelen av strekninga.